


Kårhustomt ved Storhaug?

24.02.2008



Denne skissa viser kvar det nye kårhuset eventuelt skal liggja.

Forvaltningskomiteen skal onsdag handsama ei anbefaling frå administrasjonen om at Møyfrid og Anders Kristoffersen skal få byggja kårhus ved Storhaug ovanfor Musland. Dermed vil dei få dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen fordi det etter administrasjonen si meining ligg føre særlege grunnar til det.

Vilkåret er at huset vert trekt nærare inn mot grensa til naboeigedommen og noko nærare vegen. På dette viset vil det ikkje bli ei "øy" i landskapet.

Tilkomsten må vera i grensa mot naboeigedommen slik at det ikkje blir opparbeidd mykje ny veg over beiteområdet.

Det er ynskje om å byggja nytt hus fordi det nærmar seg generasjonsskifte på bruket. Det er i dag eit gammalt kårhus på garden, men det er ikkje eigna som bustad for eldre folk – med mykje trappar og tronge rom. Møyfrid og Anders ynskjer eit mindre hus med alt på ei flate slik at huset vert lettstelt. Det skal seinare nyttast til utleige – eventuelt som turistsatsing.

Fylkesmannen har rådd fråat det blir gjeve dispensasjon. Miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga viser til at huset blir liggjande langt frå tunet og at det er erfaring for at slike hus blir delt frå.

Administrasjonen peikar i ein kommentar til dette på at hvis det skal etablerast nye bustader i øvre del av Uskedalen, må det skje på LNF-område fordi det ikkje er avsett areal i kommunedelplanen for spreidd bustadbygging eller byggjefelt. I tunet på bruket vil ein eventuell frå deling skapa mykje større drifts- og miljøulempar enn i området ved Storhaug. Det er tidlegare gitt løyve til oppføring av ei hytte nord for den plassering som Kristoffersen søkjer om og det er delt i frå til eit bustadhus på den andre sida av fylkesvegen, opplyser administrasjonen.

Av Ola Matti Mathisen